



Advokatfirma Mikkel Mundal AS  
Hollendergaten 14  
5017 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/293 - 15/1968

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@radoy.kommune.no

Dato:  
18.02.2015

## Oppmålingssak Gbnr 45/371 Selfallet nord - Oppretting av matrikkeleiningar utan fullført oppmålingsforretning.

Delegasjonssak nr.:

Syner til søknad om oppretting av matrikkeleiningar utan fullført oppmålingsforretning moteke 13.02.2015.

Søknaden gjeld oppretting av 9 nye grunneigdomar innanfor vedteken reguleringsplan for Selfallet Nord. Løyve til frådelling er gjeve i delegert vedtak 12.11.2014.

Oppmålingsforretningar vart halde 12.02.2015.

Grunngjeving for søknaden er at grensemerkene vil forsvinna i samband med opparbeiding av infrastruktur i feltet.

### Lovgrunnlag

I følge §6 i matrikellova kan kommunen etter søknad frå den som har rekvirert forretninga føre ny matrikkeleining inn i matrikkelen utan at oppmålingsforretninga er fullført. Vilåret er at det skal føreligga særleg grunn for dette. §25 i matrikkelforskrifta reknar opp tilfelle der det er formålsteneleg at grensene først vert endeleg merka etter at området er opparbeidd med vegar eller anna infrastruktur. I tillegg skal grensene vera fastsett i vedteken reguleringsplan.

### Vurdering

Rådmannen har vurdert søknaden opp mot §6 i matrikellova og vilkåra sett i §25 i matrikkelforskrifta. Etter rådmannen si vurdering stettar søknaden vilkåra.; søknaden er grunngjeven, området skal opparbeidast med det første og området er regulert. Det vil derfor etter rådmannen si meining vera bortkasta å merka grensene på noverande tidspunkt. Grensemerka kjem opplagt til å forsvinna og det vil føra med seg nye gebyr dersom rekvirenten eller framtidige kjøparar rekvirerer grensepåvising når området er opparbeidd.

Det er ikkje lagt ved kart med søknaden. Dette vert vurdert til å ikkje vere av vesentleg betydning for avgjerda då oppmålingsingeniør har kartgrunnlag som viser oversikt over grensene. Det er også halde oppmålingsforretning i marka der partane var innkalla for å ta stilling til eksisterande og mellombelse grenser.

### **Vedtak**

Det vert gjeve løyve til oppretting av 9 matrikkeleiningar utan fullførte oppmålingsforretningar. Frist for fullføring av forretningane vert sett til 12.02.2017.

Grunngjeving for vedtaket er at søknaden stettar krava i matrikkelforskrifta §25 til særleg grunn for oppretting utan fullført oppmålingsforretning.

Vedtaket har heimel i matrikkellova §6 andre ledd.

### **Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt oppmålingsingeniør Kjartan Medaas.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Kjartan Medaas  
oppmålingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Advokatfirma Mikkel Mundal AS

Hollendergaten 14 5017

BERGEN